

Uværet «Gyda»

Uværet Gyda har herja oss. So langt ser det ut til at det har gått utan dei heilt store skadane. Det ser ut til at det har vore variasjonar i området kor hardt uværet har råka. I Hardanger har vinden teke godt, det same innover i Sogn. I nærområdet vårt kring Voss har ikkje været teke som hardast. Varmegrader og regn høgt til fjells gjer sitt til at nysnøen smeltar til vatn på kort tid og samla utgjer dette ein fare for flom i elvar og smågrøver. Ein liten runde for å sjekka veitar og grøver kan vera lurt. Merk deg at ein skal vera varsam med å gå nære elvar og vassdrag med stor vassføring.

I Norge er det to ordningar som sikrar deg om du har vore utsett for naturskade. Etter naturskadeforsikringslova skal all forsikring av **bygningar** og **lausøyre** mot brann også omfatte naurskade. Difor betalar du inn premie til Naturskadepoolen. Naturskadepoolen sin ordning vert i praksis handtert av forsikringsselskapet ditt på vegne av Naturskadepoolen. Merk at køyretøy, campingvogner, anleggsmaskiner og båtar m.m. må ha eigen kaskoforsikring for å verta erstatta ved slike naturhendingar.

Det som ikkje kan brannforsikrast, som jord, vegar, murar, moloar o.l. er trygda i det statlege Naturskadefondet. Melding om skade til Naturskadefondet gjer ein på www.naturskadeordningen.no

Har du hatt skade i samband med uværet så ta kontakt med Vekselbanken så skal me rådgje deg vidare.

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA, 14. januar 2022

Leidulv Finden

Leiar Forsikring og Forsikringsansvarleg

Tlf. 91690216